

Årsmelding 2025

Øygarden kyrkjelege fellesråd



INNHALD

Ei levande folkekyrkje i Øygarden	3
Samandrag og hovudpunkt	4
Tall i kyrkja i Øygarden	6
Arbeidet i kyrkjelydane.....	10
Seksjon for barn og unge.....	11
Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn.....	14
Seksjon for diakoni.....	19
Seksjon for kyrkjemusikk	24
Seksjon for kyrkjer og gravplassar	30
Kyrkjebygg.....	31
Gravferdsforvaltning.....	36
Kyrkjeverja sin administrasjon	40
Stabsfunksjonar	41
HR/Personal.....	42
Kommunikasjon	46
Administrasjon og økonomitenester	47
Fellesrådet sin økonomi.....	49
Styrande organ.....	50

FRAMSIDEFOTO:

Det var stor feiring då Hjelme gamle kyrkje feira 150 år i august.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Gisle Kårbø Rong
Fellesrådsleiar



Annlaug Børve
Kyrkjeverje

Ei levande folkekyrkje i Øygarden

Nær menneske – gjennom heile livet

Den norske kyrkja er folkekyrkje. Det betyr at kyrkja er til stades i lokalsamfunnet for alle – uavhengig av tru og livssituasjon. I Øygarden møter kyrkja menneske i kvardag og høgtid, i glede og feiring, i sorg og krise. Dette skjer gjennom fellesskapande aktivitetar, arbeid med barn og unge, diakonalt arbeid, musikk og kultur – og gjennom verdige rammer rundt livets store overgangar.

Nær Gud – rom for håp og tryggleik

Tida vi lever i er prega av krig, klimaendringar og uro. Vi veit at mange kjenner på utryggleik og frykt for framtida. Midt i alt dette er vårt oppdrag å formidle tru og håp.

Kyrkja ønskjer å vere ein stad der menneske kan finne ro og tryggleik, og der det er rom for ettertanke, stillheit og fellesskap. Erfaringar frå kyrkja viser at mange søker nettopp desse romma i tider med uro. Det stadfestar betydninga av ei open folkekyrkje som kan vere ei støttande og stabil kraft i samfunnet.

Eit breitt oppdrag – eit stort ansvar

Å vere folkekyrkje inneber ansvar. Ansvar for kyrkjebygg og kulturarv som er viktige for lokalsamfunna. Ansvar for gravplassar og ei verdig gravferdsforvaltning. Ansvar for barn, unge, vaksne og eldre. Og ansvar for å forvalte offentlege midlar på ein trygg og etterretteleg måte, i tråd med lovverk og felles spelereglar.

Kvalitet i møte med menneske

Arbeidet i Øygarden kyrkjelege fellesråd har stort spenn i både innhald og omfang. Samstundes går ein raud tråd gjennom verksemda: ønsket om kvalitet i møte med menneske, prega av fagleg tyngde, nærvær og verdigheit.

Takk for innsatsen

Vi vil rette ei stor takk til alle tilsette, frivillige og folkevalde som har bidrege i 2025. Gjennom felles innsats vert kyrkja vidareført som ei levande folkekyrkje i Øygarden.



DEI LYSANDE FIGURANE

Med Maria og Josef lysande i båten utanfor Sund kyrkje vart juleforteljinga synleg på ein ny måte.

Samandrag og hovudpunkt

Kort om året 2025

2025 har vore eit år med brei aktivitet i kyrkja i Øygarden. Arbeidet med barn og unge, diakoni, kyrkjemusikk, kyrkjebygg, gravferdsforvaltning og stabsfunksjonar har samla sett styrkt kyrkja si rolle som trusfelleskap, kulturberar og samfunnsaktør. Samstundes har året vore prega av målretta arbeid med drift, vedlikehald, økonomistyring, rekruttering og utvikling av fagmiljø.

Hovudprioriteringar

- styrkje det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i alle sokn
- sikre god drift og forsvarleg forvaltning av bygg, gravplassar og administrative tenester
- vidareutvikle samarbeid med barnehagar, skular, kommune og andre aktørar i lokalsamfunnet
- leggje til rette for gode arbeidsforhold, kompetanseutvikling og berekraftig ressursbruk
- styrkje kommunikasjonen om kyrkja si verksemd og synleggjere arbeidet betre

Viktige hendingar og leveransar

- 377 ungdomar vart konfirmerte i dei fem kyrkjelydane.
- det vart gjennomført seks konfirmantleirar og åtte leirar for andre ulike aldersgrupper blant barn og ungdom.
- over 6000 barn og unge deltok på møtepunkta mellom kyrkja og skulane og mellom kyrkja og barnehagane i kommunen
- 278 babyar deltok på babysong
- diakonien heldt fram med møteplassar, sorgarbeid, samtalar og samarbeid med kommunen og andre aktørar
- det vart gjennomført fleire viktige vedlikehalds- og ENØK-tiltak i kyrkjebygga
- straumforbruket i kyrkjene gjekk vidare ned i 2025
- gravferdsforvaltninga gjennomførte 125 gravferder og 78 bisetjingar
- fellesrådet hadde positivt netto driftsresultat og mindreforbruk både i drift og investering



GENERASJONSKVELD MED LEFSEBAKING

Landro samla barn, ungdom
og vaksne til ein kveld fylt
med baketradisjonar og
velsmakande lefser.

Største utfordringar og risiko

- låge deltakartal i forhold til medlemsprosent på nokre tiltak for barn og unge
- behov for fleire frivillige og styrkt rekruttering i delar av verksemda
- kapasitets- og ressursutfordringar knytte til leirarbeid og kyrkjemusikalsk bemanning
- økonomisk risiko knytt til pensjonsutgifter, festeavgifter og kommunale rammeoverføringar

Kva vi tek med oss inn i 2026

- behov for å byggje meir synlege bruer mellom enkeltarrangement og faste fellesskap
- behov for meir målretta kommunikasjon og betre synleggjering av aktivitetane våre

- vidare arbeid med lokale planar for kyrkjeleg undervisning og læring
- vidare satsing på HMS, kompetanseutvikling og digitale arbeidsprosessar
- planmessig oppfølging av vedlikehald, brannvern og investeringar i bygg og gravplassar

Nøkkeltal (utval)

- Medarbeidarar: 48 (32 kvinner / 16 menn) – årsverk: 36,40
- Gravferd/bisetjing totalt: 125 / 78
- Konfirmantar: 377
- Positivt netto driftsresultat: kr 1.486.094
- Mindreforbruk investering: kr 959.303

TALL I KYRKJA I ØYGARDEN





Antal medlemmer i DNK

28 578

70 % av befolkninga i Øygarden

96 fleire enn i 2024

30 innmeldt

100 utmeldt

Totalt antal
gudstenester

334

| 3 færre enn i 2024

Antal deltakarar
på gudstenester

40 565

| 3587 fleire enn i 2024



GUDSTENESTE PINSEDAG

Det vart god deltaking og flott stemning under friluftsgudstenesta ved Gløvrebu på pinsedag arrangert av Hjelme og Blomvåg. I strålende solskin og god stemning vart det ei fin oppleving av fellesskap, song og gudstenesteliv under open himmel.



Antal døypte
268

| 94,2 % av fødte
17 fleire enn i 2024



Antal konfirmerte
377

| 92,6 % av 15-årige
medlemmar
18 fleire enn i 2024




Antal vigde
67

| 18 fleire enn i 2024

ARBEIDET I KYRKJELYDANE





Seksjon for barn og unge

Oppdrag og mål

Oppdrag

Arbeidet i seksjon for barn og unge skal gje tilbod om grunnleggjande opplæring i kristen tru og tradisjon i samsvar med lokalt fastsette planar.

Mål for 2025

- styrkje og utvikle det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelyden
- bidra til at barn, familiar og ungdom erfarer at dei er elskja av Gud, at dei vert grunnfesta i den kristne trua og inkluderte i kyrkja sitt fellesskap
- utruste barn og unge til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt og globalt

Viktigaste aktivitetar og leveransar

377 ungdomar vart konfirmerte i dei fem kyrkjelydane i 2025. Konfirmantarbeidet er eit stort og prioritert arbeidsområde. Kvar konfirmant deltek i om lag 60 timar med undervisning, grupper, leir, innsamlingsaksjonar og gudstenester. Det vart arrangert seks konfirmantleirar i 2025, fem på Skjergardsheimen og éin på Fjell-ly. Konfirmantarbeidet er heile kyrkjelyden sitt arbeid og omfattar både prestar, pedagogar, ungdomsarbeidarar, administrativt tilsette, organistar, diakonar, kyrkjetenarar, foreldre og andre frivillige medarbeidarar.

Alle døypte og interesserte barn og unge vart inviterte til samlingar med fellesskap

og opplæring i trua. T-dagar, baby- og småbarnssong, ulike gudstenester, klubbkveldar, overnattingar i kyrkjene våre, leirdagar og leirar er sentrale tiltak.

Alle fem kyrkjelydane har tilbod til tweensgruppa 9–13 år i form av klubb, bibelgrupper eller kor. Fire av dei fem kyrkjelydane har også ungdomsklubb og leiarkurs. Arbeidet er avhengig av mange frivillige medarbeidarar.

Kyrkjene er synlege nærkyrkjer gjennom eit omfattande samarbeid med barnehagar og skular. 6382 barn og unge i Øygarden deltok i 2025 på adventsgudstenester, bibelkurs, kyrkjegardsvandringar, kyrkjebesøk, julevandringar, påskevandringar og andre møtepunkt i nærkyrkja. Arbeidet er tverrfagleg, men pedagogane har hovudansvaret for organisering og kontakt med skulane og barnehagane.

Resultat og effekt

Samarbeidet med Åpen barnehage og Blomvåg barnehage om babysong har gitt gode resultat. 278 babyar deltok på babysong i 2025! Babysong er viktige fellesskap i seg sjølv og fungerer også som inngang til vidare deltaking i kyrkjelydsarbeidet. Babysong er spesielt viktig for fellesskapsbygging i lokalsamfunnet, verdi- og tradisjonsformidling til dei nye generasjonane og inkludering av nyinnflytta familiar til bygdene våre. Frå 2026 vil alle fem kyrkjelydane ha tilbod om babysong.



- Konfirmantar frå Foldnes og Landro sokn vart samla til haustleir på Skjergardsheimen. Ei gruppe var ute med båt og fiska store delar av dagen. Dei konfirmantane som ikkje var på fiskegruppa, fekk prøve seg ute i kano.

Leirane har vore vellukka og hatt god oppslutnad, blant alle klassetrinna 1-10 i Hjelme og Blomvåg sokn, og i konfirmantarbeidet i alle dei fem kyrkjelydane. Tilbakemeldingane frå barn, ungdom, heimar, lærarar og leirmedarbeidarar har vore gode. Vi gler oss over aukande oppslutnad om leirane i 2025.

Andre positive erfaringar i 2025 er satsinga på bibelgrupper for tweens og ungdom i Hjelme og Blomvåg, oppstart av myldre-gudstenester i Sund, tweensklubbane i Fjell og Foldnes, stor oppslutnad om ungdomsklubben i Landro og god bruk av unge hjelpeleiarar. Oppslutnaden om konfir-

masjon er framleis høg i alle kyrkjelydane. Vi legg vekt på at konfirmasjon er eit tilbod for alle, uansett funksjonsnivå og behov for tilrettelegging. Vi har samlingar i mindre grupper eller éin-til-éin-undervisning ved behov. Vi tilbyr eigne konfirmasjons-gudstenester for dei konfirmantane som treng ekstra tilrettelegging på konfirmasjonsdagen.

Leirarbeid er ressurskrevjande og krev mykje planlegging, god informasjon, risikovurdering og mange medarbeidarar. Seksjonen har lært av avvik og uønskte hendingar. Det er likevel usikkerheit knytt til vedlikehald, økonomi og framtidig bruk av Skjergardsheimen, som er strategisk viktig for at vi kan halde fram med tilbodet om leir. Leir er prioritert i arbeidet vårt fordi ein her kan byggje relasjonar og bli kjent, formidle tru og verdiar i ei uformell ramme, og fordi leir som arbeidsgrein er ein særskilt god arbeidsreiskap for inkludering og for å gje opplevingar av meistring og fellesskap for den enkelte.

25

Antal deltakarar på leiarkurs for unge

Antal i 2024 var 36



9507

**Total deltakarar på
tilbod for 0-18 år**



6382

**Barnehage- og
skulebarn i møte
med kyrkja**

Det er behov for å styrkje involveringa av frivillige og arbeide vidare med korleis tilsette kan leggje betre til rette for eigarskap og medarbeidarskap lokalt. Deltakartala må følgjast opp i arbeidet med reviderte lokale planar for kyrkjeleg undervisning og læring. Det er også behov for betre og meir målretta kommunikasjon mot målgruppene.

Ressursar og bemanning

Tilsette: 9,7 årsverk.


Seksjonen har mange frivillige medarbeidarar. I tillegg til foreldrehjelp i innsamlingsaksjonar, leiararbeid, klubbar og ulike tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring, er det om lag 100 frivillige i dei fem kyrkjelydane. Dei frivillige medarbeidarane utgjør sjølve krafta i arbeidet vårt.

Særlege rekrutterings- og kompetansebehov

- fleire frivillige medarbeidarar i alle aldersgrupper
- ny ungdomsprest og nytt ungdomsteam
- styrkt kompetanse innan åndeleg leiing, strategisk leiing, IKT, kommunikasjon, lokalt eigarskap og sosiale medium

Vegen vidare

- Lokalt eigarskap i arbeidet blant barn og unge i kyrkjelydane; tene, styrkje og støtte dei frivillige medarbeidarane i deira tenesta
- utvikle og styrkje møtepunkta med barnehagar og skular. Verdi- og tradisjonsformidling i nærkyrkja!
- starte revisjon av lokale planar for kyrkjeleg undervisning og læring. Utviklings- og fornyingsarbeid.
- byggje meir synlege bruer mellom punktvisse tiltak og kontinuerlege fellesskap.
- styrkje og utvikle smågrupper for tweens og ungdom.
- arbeide med fagleg fordjuping, fornying og inspirasjon for tilsette og frivillige



Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn

278

Antal på babysong
184 fleire enn i 2024



69

**På familie-
gudsteneste med
4-årsbok /
T4 Kyrkjeboka mi**
8 færre enn i 2024





47

**1. klasseleirdag /
Ranselbøn /
T6 skulestart**

24 færre enn i 2024



136

**Familiegudsteneste
med utdeling av bibel /
T10 HalloTweens**

33 fleire enn i 2024



2009

**Total deltaking på
trusopplæringstiltak**

204 fleire enn i 2024



Jubileumsåret for Hjelme gamle kyrkje: "Heim i sanntid"

I 2025 fekk vi gleda av å markere at Hjelme gamle kyrkje har stått som eit landemerke og samlingspunkt i lokalsamfunnet i 150 år. Jubileumsveka frå 31. august til 7. september vart ei minnerik feiring av kyrkja si historie, men også av alt det ho framleis betyr for menneske i dag. Under overskrifta «Heim i samtid» vart det skapt møteplassar der fortid og notid møttest, og der fellesskapet stod i sentrum.

Jubileet var resultatet av eit godt samarbeid mellom kyrkjelyden, Øygarden kommune, Kystmuseet i Øygarden, Øygarden Sogelag, Folkeakademiet Vest, lokale lag og ei rekkje engasjerte frivillige. Den store innsatsen frå så mange gjorde det mogleg å tilby eit variert og innhaldsrikt program gjennom heile veka.

Feiringa tok til med opning av jubileumsstien mellom den nye og den gamle kyrkja, etterfølgd av festkonsert og kulturprogram. Gjennom veka fekk både barn, unge og vaksne oppleve kyrkja og lokalhistoria på ulike måtar. Skuleelevar deltok på kultur dagar med historieformidling og aktivitetar, medan kulturkveldar, konsertar, foredrag, utstillingar og allsong samla folk på tvers av generasjonar. Dei mange arrangementa synte kor rikt kulturlivet er, og kor naturleg kyrkja framleis er som samlingsstad i bygda.

Høgdepunktet kom med festgudstenesta i Hjelme gamle kyrkje søndag 7. september. Kyrkja var fylt av menneske som ønskte å vere med og markere dagen, og gudstenesta vart ei verdig avslutning på ei jubileumsveke prega av takksemd, glede og fellesskap. Kyrkjekaffi, historiske vandringar og ulike kulturinnslag sette eit fint punktum for feiringa.

Jubileet minna oss om at Hjelme gamle kyrkje er langt meir enn eit verneverdig bygg. Ho ber med seg historia til generasjonar før oss, samstundes som ho framleis er ein levande stad for gudstenester, vigsler, kultur og møte mellom menneske. Gjennom jubileumsveka fekk vi oppleve kor sterkt eigarskapet til kyrkja står i lokalsamfunnet, og kor mykje som kan skapast når frivillige, tilsette, kommunen og samarbeidspartnarar dreg i same retning.

Vi ser med stor takksemd tilbake på jubileumsåret og rettar ei varm takk til alle som bidrog; planlegging, praktisk arbeid, musikk, formidling, dugnadsinnsats og deltaking. Saman skapte vi ei feiring som heidra historia, styrkte fellesskapet og peika framover mot nye kapittel i Hjelme gamle kyrkje si historie.





125

**Antal andakter på
institusjon eller aldersheim**

36 fleire enn i 2024

666

Antal frivillige

132 fleire enn i 2024

ADVENTSTREFF

Adventstreffet i Hjelme kyrkje samla over 50 deltakarar til ei hyggeleg ettermiddagsstund med god mat, song, andakt og varmt fellesskap. Arrangementet er blitt ein kjær tradisjon og markerer starten på adventstida for mange i den nordlege delen av kommunen.



Seksjon for diakoni

Diakoni handlar om å vise omsorg til menneske i Øygarden kommune gjennom inkluderande fellesskap, nestekjærleik, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Vi skal styrkje det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelydane og fremje medarbeidarskap. Kvar og ein har sin plass i fellesskapen i lokalkyrkjelyden, i fellesrådsområdet og i den verdsvide kyrkja. Ein plass der du kan kjenne du høyrer til. Der dine nådegåver kan få rom til å vekse og du er ein viktig og nødvendig del av heilskapen. Du er uendeleg verdifull og har ukrenkeleg verdi. Slik ser Gud deg, slik forkynte Jesus evangeliet gjennom ord og handling. I tillegg skal diakoni vere med å byggje bruer mellom kyrkje og andre aktørar, kommunale så vel som ideelle organisasjonar.

Diakonale samlingspunkt

I 2025 har vi hatt mange samlingspunkt i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Opne og fellesskapsbyggjande møtepunkt som Open lunsj i kyrkjestova i Foldnes, Myldredag i Kausland, Treff i Landro og det nystarta Hjarterom i Fjell er nokre diakonale samlingspunkt som har vore viktige for menneske i Øygarden. I tillegg har vi hatt Livets lys- samlingspunkt. Eit tiltak særskilt tilrettelagt for dei med ulike funksjonsvariasjonar, opne for alle. Siste fredag i månaden blir Foldnes kyrkje fylt med livsglad song, latter og fellesskap rundt budskapet om Jesu uendelege kjærleik for alle menneske. Det er verkeleg livets lys!

Sorg, håp og omsorg

Kontrasten til denne gleda er sorg, og sorgarbeid er eit svært viktig arbeid for

diakonane og diakonien. Diakonane kan kontaktast for individuelle sorgstøttesamtalar og vi har sorggrupper. I 2025 var det rekordoppslutnad rundt sorggruppedeltaking, og vi måtte for første gong opprette ei vårgruppe som starta våren 2026.

I oktober hadde vi tradisjonen tru ekstra fokus på sorg og sorgstøtte. Laurdag før allehelgensøndag var kyrkja til stades på kjøpesentera rundt omkring i kommunen og delte ut lys og slo av ein prat med forbi-passerende. Over 700 lys vart delte ut denne dagen. Allehelgensøndag er ei viktig diakonal markering i kyrkja. Då får alle som har mista ein av sine nære invitasjon til allehelgensgudsteneste og namnet blir lesne opp og det blir tent lys kvar einskild som har blitt gravlagd i løpet av det siste året (Kan du setje inn eit bilete frå allehelgensgudsteneste av lys i krossformasjon?). Ei markering som betyr mykje både for pårørande, dei som er til stades på gudstenesta og for oss som får lov å lage til og ta del i ei markering der ein kan minnast dei som har gått bort.

Sjelesorg er også eit viktig tilbod som diakonane tilbyr, og i 2025 hadde vi over 70 heimebesøk og rundt 120 samtalar på kontoret på Straume, Rong og rundt omkring i kyrkjene. Dette viser at diakonane har eit samtaletilbod som når breitt ut til menneska i kommunen vår.

Samarbeidsprosjekt

Diakoni har som nemnt også samskaping og brubyggjing som eit uttalt mål. «God nok» og Basecamp er to av desse samarbeidsprosjekta som er svært viktige for oss. «God



- Med samtalar, leik, måltid og gode opplevingar har God Nok gitt 7.-klassingar eit trygt fellesskap og styrkt tru på seg sjølve.

nok» har vore eit samtaletilbod på Landro skule og arbeidet med å utvide tilbodet til Ågotnes skule var eit målretta arbeid i 2025. Det vil også halde fram i 2026. Basecamp var vinteren 2025 gjennom ein stor prosess der Arbeidspraksis måtte flytte. Dei er no lokalisert der tidlegare Obs bygg og Festbutikken låg. I tillegg har det vore endringar i foreningsmedlemmer. Elles går den daglege drifta som vanleg, trass flytting til mindre lokale. Andre samarbeidsprosjekt vi har er samtalar og møte på Øygarden lokalmedisinske senter, møtepunkt med MO-senteret og planlegging av minnegudsteneste for rusrelaterte dødsfall saman med MO-senteret som skal gjennomførast vår 2026, den første av sitt slag i kommunen vår.

Vegen vidare

I 2026 skal vi halde fram med å leggje til rette for gode diakonale møtepunkt der menneske kan treffast. Det skal kjennast trygt og godt å kome til dei ulike diakonale samlingsstadene, slå av ein prat, ta ein kaffikopp eller møte naboen på treff. Behovet for sorgstøtte og sjelesorg viser oss at vi kontinuerleg må halde oss oppdaterte og stadig utvikle kunnskap og kompetanse innan desse felta. Og vi skal arbeide målretta med å styrkje arbeid med frivillig medarbeidarskap. Der dei som allereie er del av det frivillige medarbeidarskapet skal oppleve at det vil vere givande å framleis vere del av det, og der nye vil oppleve at dei kan få moglegheiter til å ta i bruk sine nådegåver og ta del av ein fellesskap.

Diakonien skal ta på alvor og møte menneske i alle livets fasar og vise omsorg uansett kven du er. Vi har eit særleg ansvar for å

sjå og ivareta menneske som er utsette og sårbare. Slik Jesus møtte menneske med verdigheit og formidla Guds ubetinga nåde og miskunn, slik skal også diakonien gå i Jesu etterfølgjning og formidle evangeliet i handling til innbyggjarane i Øygarden.

Nøkkeltal 2025

- Samtalar i kyrkja sine lokale: 50
- Heimebesøk: 70
- Tal gruppetreff/sorggrupper: 10
- Open lunsj: 30 samlingar
- Andre møteplassar i samband med song og musikk: 20 samlingar
- Deltakarar på open lunsj: om lag 450 totalt

Ressursar og bemanning

Diakon/diakoniarbeidar i sokna: 2 diakonar, 3 diakonimedarbeidarar og 1 seksjonsleiar. Til saman 3,6 årsverk.

Samarbeid og partnerar

- Øygarden kommune
- Basecamp
- MO-senteret
- LMS og andre institusjonar
- FFO Øygarden

Plan 2026

- vidareutvikle møteplassar og lågterskeltilbod i kyrkjelydane
- styrkje samarbeidet med kommune og andre samfunnsaktørar
- vidareutvikle sorgarbeid og samtaletilbod
- styrkje kompetansen i medarbeidarskap og lokalt kyrkjelydsbyggjande arbeid

Ei ledig benk kan bety mykje. Gjennom "Takkebenken" ønskte kyrkja å skapa rom for gode møte, lyttande samtalar og takksemd – midt i kvardagen og midt blant menneska på Sartor Storsenter.



Generasjonskvelden med kranseverkstad samla nær 40 deltakarar i alle aldrar til ein kreativ og triveleg førjulskveld. Med naturmateriale, skaparglede, gode samtalar og latter vart det skapt både vakre kransar og verdifulle møte mellom generasjonane.

Søndag 6. april vart Bodil Lee Øksnes Espedahl ønskt varmt velkomen som ny diakonimedarbeidar og leiar for diakoniseksjonen i kyrkja. Under innsettinga vart det lese opp eit brev frå biskop Ragnhild Jepsen, og prost Jan Tommy Fosse leia forbøn for Bodil si teneste.





- Den siste konserten til Sotra Reviderte vart ei både høgtideleg og rørende markering av 46 år med songglede, fellesskap og musikalsk engasjement. Ei fullsett Fjell kyrkje takka koret og dirigent Olav Sørheim med ståande applaus for den store innsatsen gjennom nesten eit halvt hundreår.

Når stemmene blir løfta i lag, blir fellesskapet styrkt. Allsongkvelden i Foldnes kyrkje samla songglade deltakarar til ein kveld prega av musikk, glede og gode møte rundt kaffibordet. ◀



- Sol, smil og godt humør prega sommaravslutninga i Sund kyrkje. Barn, tweens, familiar og frivillige feira eit innhaldsrikt semester med lek, mat og fellesskap. Det vart ei fin påminning om at kyrkja er ein stad der relasjonar får vekse.



- I Fjell kyrkje vart ei ordinær korøving gjort ekstra triveleg med felles middag før songen starta. Born, foreldre og frivillige møttest til eit enkelt måltid og gode samtalar, før kvelden heldt fram med song og fellesskap i kyrkjerommet.

Over 200 personar i alle aldrar møtte opp då "Småprat med noko attåt" inviterte til familiebasar! All inntekt gjekk til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid i Hjelme og Blomvåg sokn, og heile 85.000 kroner vart samla inn denne 1. mai-ettermiddagen. Kyrkje-lydspedagog Hogne Berland heldt andakt med fekk hjelp frå fleire barn, og tre ungdomsskuleelevar hadde ansvaret under sjølve utlodninga.



- Aksjon Godheit i samla frivillige til praktisk omsorg og fellesskap i lokalmiljøet. Gjennom enkle handlingar som å gjere i stand, dele ut og møte menneske i kvardagen, fekk fleire kyrkjelydar vere til stades med godheit og varme i nærmiljøet.



Seksjon for kyrkjemusikk

Gjennom musikk, kultur og kunst skal det kyrkjemusikalske arbeidet bidra til trusformidling, kvalitet i kyrkja sine samlingar og gode musikalske opplevingar for innbyggjarane i kommunen. Musikk er eit eige språk og formidlar kjensler og opplevingar der ord ofte ikkje strekk til. I løpet av 2025 har kyrkjemusikarane i Øygarden bidratt med musikalske opplevingar gjennom konsertar, gudstenester, gravferder, vigslar, kyrkjelege handlingar og anna verksemd. 2025 har vore eit år der kyrkjemusikarane både har utøvd musikk sjølve, og ikkje minst har lagt til rette for at andre har fått bruke kyrkjene til å utøve musikk og andre kulturelle uttrykksformer.

Kyrkjemusikk gjennom livet

Musikk er med oss frå vi er fødd til vi døyr, og kyrkjemusikarane er også delaktig i alt frå barnekor til gravferd. Kyrkjemusikarane har ei særskilt rolle i gravferdsseremonien, og i løpet av 2025 har dei til saman spelt i om lag 200 gravferdsseremoniar i Øygarden. Dette er omtrentleg like mange seremoniar som gudstenester. Musikken i gravferdene er ofte viktige for dei pårørande og for dei som kjem til gudsteneste, og kyrkjemusikarane kan derfor ha ei sentral og viktig rolle, ikkje berre i seremoniar og gudstenester, men i menneske sine liv. Andre viktige markeringar i livet er dåp og vigslar. I 2025 spelte kyrkjemusikarane i over 50 vigslar. Dei formidlar evangeliet gjennom ord, tonar og samlande fellesskap.

Musikk som skaper fellesskap

Andre samlande fellesskap som kyrkjemusikarane er med på er blant anna treff, song- og salmekveldar, allsongkveldar og institusjonsandakter. 90 institusjonsandakter og 45 andre fellesskapssamlingar i løpet av 2025 viser at kyrkjemusikarane er aktivt ute og er med på det kyrkjelydsbyggjande arbeidet, også når menneske ikkje kjem seg fysisk til kyrkja. Å få syngje salmar og songar når dagane går, det kan vere lysglimtet og håpet i elles lange dagar.

Jubileumsåret i Hjelme gamle kyrkje

I 2025 feira Hjelme gamle kyrkje 150 år. Den sjelfulle kyrkja med den flotte beliggenheita heilt nede ved havet. Ei veke med mange kulturelle og musikalske markeringar, trona med jubileumsgudsteneste søndag 7. september. Fleire lokale krefter deltok, heile lokalsamfunnet samla seg om kyrkja som har betydd så mykje for så mange. Slik skal også kyrkjemusikken, og kyrkjemusikarane ivareta lokalkyrkjelyden. La dei lokale kulturelle og musikalske kreftene få spelerom, av og til på eiga hand, ofte i samhandling med kyrkjemusikarane. Saman vil vi ære Gud med song, musikk, dans og kunst. Å leggje til rette for at lokalkulturen skal få bløme, invitere og sleppe til interne og eksterne aktørar, det vil vere framleis vere uttalte mål for kyrkjemusikarane i Øygarden. Alltid «nær Gud og nær menneske».

Nøkkeltal 2025

- Tal konsertar (interne/eksterne): 25 / 15
- Særlege arrangement: 45
- Institusjonsandakter/besøk: 90
- Gravferder: 200
- Gudstenester: 210

Ressursar og bemanning

Seksjonen består av 3 kantorar, 2 organistar og seksjonsleiar, til saman 5 årsverk.

Med dagens gudstenesteforordning må det hentast inn vikarar til fleire gudstenester i løpet

av semesteret. Dei faste organistane dekkjer ikkje alt når frihelgene dei har krav på skal takast ut.

Vegen vidare

- halde fram med å sikre stabile kyrkjemusikalske tenester i alle sokn
- styrkje samarbeid om konsertar og musikktiltak i lokalsamfunnet
- vidareutvikle fagmiljøet gjennom kompetanseheving og samarbeid
- arbeide for meir berekraftig bemanning og vikardekning



UNG ORGANIST

Edvard Hansen, som konfirmerte seg i 2024, øver jamleg i Foldnes kyrkje. Med engasjement og framtidsplanar har han allereie fått erfaring med å spele både på gudstenester og konsertar. Med vidare planar om musikklinje og organistutdanning, representerer han eit ungt tilskot til kyrkjemusikken i kyrkjelyden.

5

**Antal kor/brassband
for voksne**

1 færre enn i 2024



8

Antal kor for barn og unge

Same antal som i 2024



6048

**Deltakrar på konsertar
og kulturarrangement**

1843 færre enn i 2024





REFUEL-WEEKEND

Refuel Weekend samla ungdom frå heile regionen til ei innhaldsrik helg med møte, lovsong, aktivitetar og fellesskap i Hjeltefjorden arena. På scena stod òg Lisa Børud, som bidrog til ei helg prega av energi, engasjement og gode opplevingar for dei mange deltakarane.



- Eit bygg som står på utsida av Hjelme gamle kyrkje vart restaurert, og det vart lagt til ei toalettløysting med bio-toalett og rennande vatn i bygget.



- I september arrangerte Fjell kyrkje ein kjekk busstur til Osterøy, der deltakarane fekk ein dag fylt med godt humør, sosialt fellesskap og fine opplevingar. Turen baud på triveleg bussreise, gode samtalar og hyggelege stopp undervegs, og vart ei minnerik utflukt for alle som var med.

Stjernekorset i Sund samlar dei yngste borna til song, rørsle og fellesskap i kyrkja. Gjennom leik, musikk og enkle øvingar får borna utfalde seg og oppleve songglede saman, i eit trygt og inkluderande miljø.



◀ Det vart god stemning då Foldnes kyrkje inviterte til Open lunsj med fiskesuppe. Rundt borda vart det mykje prat, latter og fellesskap, og fiskesuppa samla folk til ei hyggeleg og uformell stund midt i kvardagen.

Fleire onsdagar i månaden har Foldnes kyrkje opna dørene til kyrkjestova og inviterer til triveleg lunsj med suppe og brødmatt, ei lågterskel møteplass der ein kan nyte god mat i lag med både kjende og ukjende.



▶ Lovsongskvelden i Blomvåg kyrkje vart til på ungdomane sitt eige initiativ, der dei spontant tok ansvar for å samle til ei kveldssamling i kyrkja ei sommarkveld. Resultatet vart ei kjekk og engasjert samling med lovsong, gode ord og sosialt fellesskap, der kyrkja vart fylt av energi, glede og ungdommeleg driv.

◀ I sommartida vart det arrangert fleire motorsykkeltreff i Fjell kyrkje, der både motorinteresserte og nysgjerrige møttest til sosiale og trivelege kveldar. God stemning, gode samtalar og enkel servering. Dette gav rom for både fellesskap og nye bekjentskap i eit ope og inkluderande miljø.



SEKSJON FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR



Gjennom sommaren
har fleire ungdomar
somarjobb på
gravplassane.



Kyrkjebygg

Fellesrådet skal forvalte, drifte og vedlikehalde kyrkjene og tilhøyrande bygg på ein trygg og forsvarleg måte. Kyrkjene skal vere gode og funksjonelle rom for gudstenester, kyrkjelege handlingar og anna kyrkjeleg aktivitet, samstundes som kulturhistoriske verdiar blir tekne vare på.

Øygarden kyrkjelege fellesråd har driftsansvar for åtte kyrkjer: Kausland, Sund, Fjell, Foldnes, Landro, Blomvåg, Hjelme og Hjelme gamle kyrkje. Alle, med unntak av Hjelme gamle kyrkje, er i dagleg bruk.

Tårnet i Fjell kyrkje ferdigstilt

Renoveringa av tårnet på Fjell kyrkje vart ferdigstilt sommaren 2025. Det nye kopartaket kom på plass, og stillaset vart fjerna i juni – i tide til bryllaupssesongen.

I mai vart det nye spiret heist på plass med kran. Spiret veg om lag 80 kilo, og delar av konstruksjonen måtte fornyast grunna rustskadar. Det nye kopartaket vil halde den lune, brune fargen i mange år framover.

Soknerådet opplever at kyrkjegjengarane er svært nøgde med resultatet. Etter ein lengre periode med arbeid og avgrensa bruk, har det vore gledeleg å kunne opne kyrkja fullt opp att. I juni og juli vart det gjennomført 11 vigslar i kyrkja.

Det er òg utført arbeid i dåpssakristiet (prestekontoret), der det er lagt nytt golv og varmekablar. Måling av rommet vart utført i starten av 2026, samstundes oppussing av kyrkjelydssalen.

Det er også i 2025 gjennomført røyrfornyng i Fjell kyrkje.

Oppussing av kontor, kjøken og opphaldsrom i Landro kyrkje

I 2025 vart kjøkkenet i andre etasje i Landro kyrkje pussa opp og fornya. Samstundes vart det gjennomført tilrettelegging for betre kontorfasilitetar i kyrkja.

Bakgrunnen for prosjektet var at fleire av dei tilsette fekk arbeidsstad meir ute i kyrkjene, noko som skapte behov for fleire og meir funksjonelle arbeidsplassar i Landro kyrkje.

Oppgraderinga har gitt både tilsette og frivillige betre fasilitetar og meir tenlege arbeidsforhold i kyrkja.

Det er også gjennomført røyrfornyng i Landro kyrkje.

Mini-kyrkje ved Sund kyrkje

I 2025 starta arbeidet med ei mini-kyrkje ved Sund kyrkje. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med elevar innan byggfag, som arbeider med kyrkja fleire dagar i veka under leiing av lærar på byggfag.

Initiativet til prosjektet kom frå sokneprest, inspirert av ei liknande «Barnas kirke» i Fet. Målet er å skape ein samlingsstad som kan brukast av barnehagar, til leik, aktivitetar og andre arrangement.

Sund sokneråd håpar òg at prosjektet kan bidra til meir dugnadsarbeid og engasjement i lokalmiljøet. Mini-kyrkja skal mellom anna få benkar, innreiing og glasmåleri. Prosjektet er òg knytt til markeringa av at det i 2027 er 700 år sidan det første gong stod kyrkje i Klokkekarvik.



I morgontimane 16. mai vart det 80 kilo tunge spiret til Fjell kyrkje heist på plass med kran, og sett trygt på toppen av kyrkjetårnet.

Stillaset på tårnet vart fjerna i slutten av mai, akkurat i tide til bryllaupssesongen. ◀



▶ Frivillige krefter satt i gang oppussing av Fjell kyrkjelydssal på hausten. Rommet vart malt i lysare fargar som står i stil med dei nye tonane inne i sjølve kyrkjerommet.



➤ Mini-kyrkja i Sund er eit samarbeid med elevar innan byggfag, som arbeider med kyrkja fleire dagar i veka under leiing av lærar på byggfag.

Tekstilkonservatorar i Fjell

Hausten 2025 fekk kyrkjetenar i Fjell kyrkje besøk av to tekstilkonservatorar frå Museumssenteret i Hordaland. Prosjektet var støtta av Kyrkjebevaringsfondet og hadde som mål å styrkje arbeidet med bevaring av kyrkjetekstilar.

Gjennom ei veke vart det gjennomført kartlegging, tilstandsvurdering og praktisk arbeid med alterklede, messehaklar og andre eldre tekstilar frå Fjell kyrkje, samt enkelte tekstilar frå Blomvåg og Foldnes kyrkjer. Det vart òg gitt opplæring i reinsing, oppbevaring og vedlikehald for å førebyggje vidare slitasje.

Prosjektet gav både ny kunnskap og auka medvit om den verdifulle tekstilarven kyrkjene forvaltar.

Jubileum av Hjelme gamle kyrkje 150 år

I 2025 feira gamle Hjelme kyrkje 150 år, med ei flott jubileumsveke med mange ulike

arrangement. I forbindelse med jubileet vart det gjort eit godt dugnadsarbeid av frivillige. Eit bygg som står på utsida vart restaurert, og det vart lagt til ei tooalettøysting med bio-toalett og rennande vatn i bygget. Deler av kyrkja vart malt og gravstøtter vart vaska.


Pågåande prosjekt / prosjekt planlagt i 2026:

- Lyddemping i Landro kyrkje
- Utsifting av kuppel i Landro kyrkje
- Utsifting av internettaksesspunkt i alle kyrkjer
- Etablere Auracast eller tilsvarande løysing i alle kyrkjebygg
- Restaurering av orgel i Fjell kyrkje
- Nye branndetektorar i Blomvåg, Hjelme, Sund og Kausland kyrkje.
- Tetting av tak i Foldens kyrkje

ENØK og energistyring

ØKF ynskjer å spare miljøet og redusere utgifter. Mange av kyrkjene har no varmepumper, og vi har også installert varmestyring i 7 av 8 kyrkjer. Hjelme gamle kyrkje har ikkje behov for slik styring. Det er også gjennomført ENØK-tiltak med isolerglas i Fjell kyrkje og varmestyring i Blomvåg kyrkje.

Figuren under viser straumforbruket i 2024 og 2025, og som ein kan sjå gir varmestyringar gode resultat.



Brannvern

Det vart halde brannøving i alle kyrkjene i 2025. Ved branntilsyn for 2025 vart avvik oppretta og lukka. Pågåande prosjekt er utviding av branndetektorar i Blomvåg og Hjelme kyrkje, Sund og Kausland kyrkje, samt øvrige brannsikringstiltak i Kausland kyrkjelydshus. ØKF har tatt i bruk eit nytt nasjonal FDV-programmet «Ordna eiendom». I tillegg til å gi god dokumentasjon, skal programmet gi oss bedre verktøy til å videreutvikle gode rutiner for forvaltning, drift og vedlikehald. Gjennom 2025 har vi jobba med tilpasningar av systemet og opplæring av organisasjonen.



Gravferdsforvaltning

Seksjonen har åtte kyrkjetenarar i til saman 3,3 årsverk. I tillegg kjem ein fagarbeidar for kyrkjebygg i 100 prosent stilling. Samla bemanning er 4,3 årsverk.

I løpet av året vart ei 50 prosent stilling som kyrkjetenar trekt inn. I tillegg fall 0,5 årsverk bort då seksjonsleiaren slutta. Dette har ført til ei stram bemanning i ei teneste med stort og kontinuerleg arbeidsomfang.

Alle sokna har kyrkjetenarar knytte til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Eininga har fått ny seksjonsleiar i 40 prosent stilling, der 20 prosent er knytt til oppgåver knytte til kyrkjebygg.

ØKF er gravplassmynde i Øygarden kommune. I Øygarden kommune er det 16 kyrkjegardar og gravplassar som fellesrådet har ansvaret for.


I tillegg til gravplassane som er i bruk i dag, er det fleire kolerakyrkjegardar i kommunen. Desse er på Møvik, i Klokkarvik og i Bildøydalen. Kyrkjegarden i Bildøydalen vart også brukt som gravplass for russiske krigsfangar som vart gravlagt under 2. verdens krig. Vi har fått stadfest at dei gravlagde vart flytta til Nygård gravplass etter krigen. Sør i Telavåg ligg den nedlagte gravplassen " Fredens bolig."

Vedlikehald av gravplassane

I 2025 vart det teke i bruk nye robotklipparar i Hjelme, Telavåg, Kausland og på Vestregravplass. Det vart også kjøpt inn ny hjullastar og ny bil til seksjonen.

På bårerommet i Kausland vart det sett inn ny kistekjølar med kapasitet til tre kister.

Gravferder og bisetjingar i 2025





Særlege forhold

Kolerakyrkjegardane ligg ikkje under fellesrådet sitt forvaltingsansvar. Fellesrådet har teke kontakt med Øygarden kommune om vedlikehald, men har ikkje fått svar.

Når det gjeld gravplasskapasitet, er det eit særleg behov for utviding av gravplassane i Sund, Blomvåg og Foldnes. Sund er venta å vere full innan 2030, Blomvåg innan 2031 og Foldnes innan 2033. Telavåg har også avgrensa kapasitet og er venta å vere full innan 2032. Fellesrådet har forstått det slik at Øygarden kommune ikkje ønskjer å utvide Telavåg gravplass. Dei andre gravplassane har per i dag betre kapasitet, men utviklinga understrekar behovet for langsiktig planlegging og avklaringar med kommunen.

Påbegynt og planlagt arbeid for 2026

- Halde fram arbeidet med drift og vedlikehald av gravplassane
- Følgje opp behov for kapasitet og framtidig utvikling

- Vidareutvikle utstyr og logistikkøysingar for drifta
- Halde fram dialogen med kommunen om ansvar og avklaringar
- Ferdigstille lager på Landro gravplass
- Etablere fleire urnegraver på Kausland gravplass
- Lagerbygg på Landro
- Namna minnelund Kausland og Kleivane
- Arbeider på gravplassen

Bemanning

Seksjonen har til saman 4,6 årsverk.

I løpet av året vart ei 50 prosent stilling som kyrkjegardsarbeidar trekt inn. I tillegg fall 0,5 årsverk bort då seksjonsleiaren slutta. Bemanninga er difor stram også i denne delen av verksemda.

Eininga har fått ny seksjonsleiar i 40 prosent stilling, der 20 prosent er knytt til gravplassforvaltinga.

I tillegg er eitt årsverk i administrasjonen knytt til gravferdsforvaltinga.

Møt kyrkjetenar og gravplassarbeidar

Janesh Amenya

Ein meiningsfull teneste i kyrkja

Gjennom mange år har Janesh vore ein trufast og viktig medarbeidar i kyrkja og på gravplassane i Øygarden. Etter først å ha arbeidd innan barne- og ungdomsarbeid, fekk han ansvar for kyrkjene og gravplassane i Blomvåg, Hjelme og Hjelme gamle kyrkje, og dei siste åra òg i fleire av kyrkjene i kommunen.

Arbeidet hans er variert og omfattar både førebuing til gudstenester, vigslar og gravferder, vedlikehald av kyrkjene og omsorg for gravplassane. Gjennom arbeidet møter Janesh menneske både i glede og sorg. Særleg i samband med gravferder har han hatt mange viktige møte med pårørende, der tid til samtale og omsorg har vore ein naturleg del av tenesta.

Janesh fortel at noko av det mest meiningsfulle i arbeidet er å kunne bidra til å skape verdige og fine rammer rundt menneske i sorg. Samstundes legg han ikkje skjul på at arbeidet stundom kan vere tungt, særleg når unge menneske og born skal gravleggjast. Gravplassane i Hjelme og Blomvåg har eigne felt for barn og for barn som døydde i mors liv, noko han opplever som viktig for mange familiar.

Ved sida av arbeidet i kyrkja har Janesh òg eit stort engasjement for fødelandet Kenya. Gjennom fleire permisjonsperiodar har han delteke i misjonsarbeid der.

No nærmar Janesh seg pensjonsalder, men er framleis i full jobb og held fram med å møte menneske med varme, omsorg og tru på håp. Gjennom sitt arbeid har han vore ein stor ressurs og ein viktig medvandrar for mange i kyrkjelydane i Øygarden.



KYRKJEVERJA SIN ADMINISTRASJON



Stabsfunksjonar

Oppdrag

Stabsfunksjonane skal støtte kjerneverksemda i kyrkja gjennom gode tenester innan personalforvaltning, kommunikasjon, administrasjon og økonomi. Arbeidet skal leggje til rette for effektiv drift, gode arbeidsforhold og god oppfølging av vedtak i fellesråd og sokneråd.

Overordna mål

- sikre god administrativ støtte til kyrkjelydar, sokneråd og tilsette
- forvalte økonomi, personal og administrative system på ein trygg, effektiv og regelverkstilpassa måte
- leggje til rette for god intern samhandling og tydeleg ekstern kommunikasjon om kyrkja si verksemd





HR/Personal

Kyrkjevevja sin administrasjon består av personalleiar og informasjonskonsulent.

Personalleiar skal vere ein ressurs for heile ØKF i forhold som omhandlar løn, arbeidsgivarpolitikk, personalforvaltning, HMS og leiging.

Året 2025 gjekk etter planen. Målet om eit sjukefråvær på maksimalt 7 % per år vart nådd med god margin. Samla sjukefråvær i 2025 var 5,0 %.

Medarbeidarar

Ved utgangen av 2025 hadde fellesrådet 48 tilsette (36,4 årsverk). 32 kvinner og 16 menn. Det vart tilsett fire nye medarbeidarar i faste stillingar og to nye medarbeidarar i mellombelse stillingar.

Samarbeid og medbestemmelse

Forum for arbeidsmiljø arbeider systematisk for å sikre godt og forsvarleg arbeidsmiljø i tråd med arbeidsmiljølova og interne HMS-planar. Forumet er eit viktig organ for samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar for å sikre tryggleik, helse og trivsel på arbeidsplassen. Forumet har seks stemmeberettiga medlemmer, fordelt likt mellom arbeidsgjevar – og arbeidstakarrepresentantar. Forumet har i 2025 hatt fem møte og arbeid med mellom anna avvik, varslar, sjukefråvær, risikovurdering, revidering av reglement, IA-arbeid, handlingsplan og andre arbeidsmiljørelaterte saker.

Drøftingsmøtet med tillitsvalte er eit møtepunkt med dei tillitsvalde der vi snakkar om og drøftar viktige problemstillingar som

gjeld dei tilsette. Det har vore gjennomført fem drøftingsmøte med tillitsvalde i 2025, men i tillegg samarbeid med dei tillitsvalde i samband med tilsettingar. I drøftingsmøta har desse sakene vore viktig bruk av mellombels tilsette, verksemda sin økonomiske situasjon, flytteprosess, IA-avtalen, lønspolitikk, interne retningslinjer ved bruk av rusmidlar i samband med arbeid, bruk av vaktordning, strategi, organisasjonsendring, kompetanseplan og beredskapsplan.

Kompetanseutvikling

I 2025 var det fokus på kompetansekartlegging i medarbeidarundersøkinga. Det har blitt arbeida med ein kompetanseplan, men som framleis er under arbeid. Vi vil arbeide vidare med kompetanseplan i 2026. Vi arbeider godt med det systematiske introduksjonsprogrammet for nytilsette. Mange av dei tilsette har vore på fagdagar, og dei som hadde behov for det har vore på førstehjelpskurs.

Likestilling, inkludering og mangfald

ØKF har i 2024 arbeidd aktivt for kjønnsbalanse i alle stillingskategoriar, inkludert leiande stillingar. Dette gjer vi ved å sikre at stillingsutlysingar og tilsettingsprosessar er kjønnsnøytrale og ikkje diskriminerande. Det vart gjennomført lønskartlegging for å sikre lik løn for likt arbeid og for å avdekke eventuelle forskjellar. Slike forskjellar vart ikkje funne.

Sjukefråvær 2025

Det samla sjukefråværet i 2025 auka med 0,1 prosentpoeng. Korttidsfråværet gjekk ned med 39,5 prosent, medan langtidsfråværet gjekk ned med 0,2 prosentpoeng.

Sjukefråværsstatistikk for 2025 i ØKF:

	Øygarden KF	Næringa elles
Samla sjukefråver	5,0%	4,8%
Gradert sjukefråvær	22%	50,7%
Korttidsfråvær (frå 1. til 16. dag)	0,5%	0,5%
Langtidsfråvær (frå 17. dag)	4,4%	4,3%

Kvartaloversikt:

	Øygarden KF	Næringa elles
1. Kvartal	6,5%	6,5%
2. Kvartal	4,2%	5,1%
3. Kvartal	4,7%	4,1%
4. Kvartal	4,3%	4,8%



Dagen 18. februar:

16 NYHET TIRSDAG 18. FEBRUAR 2025



Erfaringer som misjonær preger Espen som prest

MAVIAFET. Sakenester Espen Tveten har gode erfaringer med målrettet utdanning av menighetstilvokst i Øygarden kommune

17 NYHET TIRSDAG 18. FEBRUAR 2025







UTVIKING: Espen Tveten ser fellestrekk ved å utvikle en menighet i Thailand og Norge.

MAVIAFET: Sakenester Espen Tveten har gode erfaringer med målrettet utdanning av menighetstilvokst i Øygarden kommune

MILJØBESVARELIGHET: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

KONTAKTFLATE: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

LANGSØKT ARBEID: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

FLERE ENN PRESTEN: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

INGEN MENNESKELIG KODE: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

SAUR RUK TANKSETTET: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

DET ER EN GOD TENDENS: Espen Tveten opplever at han har bred kontakt med bevisstgjerdningen i Øygarden

Vestnytt 16. mai:

Vestnytt 20. mai:

Vestnytt 17. juni:

VESTNYTT 16. mai 2025

Magasin 18



Hein var 44 år da han lånte seg ein kornett. No spelar han kyrkjebrass

- Det viktigaste er har lært i Øygarden kyrkjebrass er samspel. Eg liker og å skyta av at eg er den dærgaste i gruppa, smiler Hein Kvalheim (58).

Flasken min

JOBV KRIKSTINE BICKARD

Fakta: FLOKSTEN MIN

Det aller kjekkeste er å spela ein stykke i eit band som har over 100 medlemmer og har over 100 år i etymnd, og på tross av det

Fakta: ØYGARDEN KYRKJEBRASS

VESTNYTT 20. mai 2025

Folk 23



Her heises spiret på plass på Fjell kyrkje: - En milepæl

Restaurering

Steffen Johan Jordstad

Det har blitt brukt over 20 millioner kroner på restaureringen av kirken på Fjell. Prosjektet har vært i gang i over 10 år, og nå er spiret på plass. Det er en milepæl for kirken og for byggingen av den nye kirken på Fjell.

Det nye mønstret er litt annerledes enn det gamle, men det er fortsatt det samme. Det er en milepæl for kirken og for byggingen av den nye kirken på Fjell.

VESTNYTT 17. juni 2025



Siste tone fra koret, etter 46 år - Det er litt vemodig, men alderen har jo tatt oss

Kjære styve

Har vært en del

Det er en milepæl for kirken og for byggingen av den nye kirken på Fjell.



Kommunikasjon

Mål 2025

- synleggjere kyrkja si verksemd gjennom digitale og trykte kanalar
- sikre god og samordna informasjon til innbyggjarar, frivillige og tilsette
- vidareutvikle nettsider, sosiale medium og publikasjonar

Kanalar og produksjon

Kyrkjemagasinet Himmel&hav kom ut med fire nummer i 2025. Etter innhenting av pristilbod frå fire trykkeri fekk Aksell oppdraget med trykking, medan Posten/Bring stod for distribusjonen. Redaksjonen har bestått av ein frivillig frå kvart sokn, men det har heile året mangla redaksjonsmedlem frå Fjell sokn.

Nyheitsbrevet blir laga via Make. I 2025 vart det sendt ut 13 nyheitsbrev til om lag 275 mottakarar, mellom anna til tilsette, folkevalde, frivillige og andre interesserte.

Det vart også arbeidd med ny nettside for gravplassmyndigheita i Øygarden, oygarden.grav.no. Facebook-sidene til sokna

blir brukte til å annonsere gudstenester og aktivitetar og til å dele artiklar frå nettsidene.

Ei viktig satsing i 2025 har vore å dele fleire gode historier frå kyrkjene med tekst og bilete, både i trykte og digitale kanalar.

Resultat og læring

Facebook-sidene fungerer godt for å nå ut med artiklar og historier om frivillige og menneske i kyrkjelydane. Kyrkjemagasinet blir etterspurt og får gode tilbakemeldingar.

Det er framleis behov for at fleire tilsette sender inn gode historier, tekst og bilete til informasjonskonsulenten, slik at meir av det som skjer i kyrkjene blir synleggjort.

Vegen vidare

- lage kommunikasjonsstrategi og styrkje kommunikasjonskompetansen
- synleggjere kyrkja si deltaking i samfunnet tydelegare
- få fram fleire historier om enkeltmenneske i lokalsamfunnet

Administrasjon og økonomitjenester


Mål 2025

- sikre god økonomistyring og kontroll
- videreutvikle bruken av digitale system og interne rutinar for rekneskap og fakturering
- yte god administrativ støtte til verksemda

Leveransar til felleusråd, sokneråd og sokneteama

Seksjonen har ansvar for ei rekkje oppgåver for felleusrådet, sokneråda og sokneteama, mellom anna:

- månedlege lønsutbetalingar
- budsjettarbeid og rekneskapsrapportering
- fakturering av festeavgifter, utleige og andre krav
- bankavstemming
- administrasjon av utleige og nøkkeltilgangar
- koordinering av bemanning ved seremoniar og arrangement
- dåpspåmelding og utferding av dåpsattestar
- organisering av tidspunkt og bemanning ved gravferder, bisetjingar og vigslar
- resepsjon på Temahuset
- overføring av kyrkjelege handlingar i e-kyrkjebok
- gravregistrering i Ecclesia
- administrering av gravstellavtalar
- møtearbeid og dokumenthandtering for sokneråda
- økonomioppfølging, tertialrapportar og rekneskapsaker
- referatføring og administrativ støtte i sokneteama





Avvik og forbedring

2025 var det tredje året med Aider Rjukan som leverandør av løns- og rekneskaps-tjenester til fellesrådet og sokna. I løpet av året vart det etablert kopling mellom Xledger og Ecclesia, slik at fakturering og innbetalningar blir registrerte i begge systema. Dette reduserer avvik mellom reskontroane.

Administrasjonen byrja i siste del av 2025 å føre enkelte bilag sjølv i Xledger, mellom anna bankavstemming, refusjon av utlegg og rettingar i rekneskapan. Målet er å redusere kostnadene til ekstern rekneskapsføring og få

betre kontroll over rekneskapan. Erfaringane så langt er gode, og det må på sikt vurderast om fellesrådet sjølv skal føre rekneskapan med systemavtale med Aider.

Vegen vidare

- vidareutvikle kompetanse på eigen rekneskapsføring
- redusere kostnadene til ekstern rekneskapsføring
- gå gjennom alle gravplassar og kontrollere at registreringane stemmer med Ecclesia



Fellesrådet sin økonomi

Samla resultat og økonomisk stilling

Driftsrekneskapen for 2025 viser eit positivt netto driftsresultat på kr 1.486.094. I høve budsjett er det sett av kr 240.922 til disposisjonsfond, slik at rekneskapsmessig mindreforbruk for 2025 er kr 1.245.172.

Investeringsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 959.303.

Mindreforbruket i driftsrekneskapen er i hovudsak knytt til sjukelønsrefusjon og lågare utgifter til energi. Det vert foreslått avsett til disposisjonsfond. Mindreforbruket i investeringsrekneskapen vert foreslått avsett til ubundne investeringsfond.

Vesentlege budsjettavvik

Avvik drift

Det største avviket i drifta er knytt til sjukelønsrefusjon, med om lag kr 1,4 mill. Driftsinntektene viser samla mindreinntekter

på kr 425.944. Det er også eit avvik på posten «Tilskudd fra soknets organer» på kr 605.000. Dette skuldast at inntektene er førte under posten «Refusjoner/overføringer».

Avvik investering

Det største avviket i investeringsrekneskapen gjeld kuppel i Landro kyrkje, med kr 500.000. Prosjektet vart ikkje starta opp i 2025 og vil bli rebudsjettert i 2026 med høgare beløp.

Viktige forhold som påverkar økonomi og drift

Pensjonsutgiftene i 2025 var om lag kr 4,7 mill., medan arbeidsgjevaravgifta utgjorde kr 3,6 mill.

Sjukelønsrefusjon utgjorde om lag kr 1,4 mill.

Renteinntektene var kr 690.158. Tilskot frå Den norske kyrkja utgjorde om lag kr 5,1 mill., medan tilskotet frå Øygarden kommune var kr 35,388 mill. Festeavgiftene utgjorde om lag kr 1,9 mill.

STYRANDE ORGAN

Fellesrådet er det øvste ansvarlege og styrande organ for ØKF. Rådet er sett saman av eitt medlem frå kvart av sokneråda, ein prerepresentant frå Øygarden kommune og ein representant oppnemnd av biskopen. I fellesrådet er det 4 kvinner og 3 menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Oppnemnt av
Gisle Kårbø Rong	Leiar	Erling Vik	Hjelme og Blomvåg sokneråd
Anne Grete Hareide	Nestleiar	Jan Tveit	Sund sokneråd
Arvid Nese	Medlem	Harald Fylling	Fjell sokneråd
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	Per-Helge Refvik	Foldnes sokneråd
Kirsten Kjølén	Medlem	Anne Kristine Christiansen	Landro sokneråd
Ingvill Kvalsnes Blom	Medlem	Hege Misje	Øygarden kommune
Jan Tommy Fosse	Medlem	Maria Tveten	Biskopen

Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og eitt medlem av fellesrådet, og er eit er saksførebuaende utval til fellesrådet. Arbeidsutvalet har i tillegg fullmakt til å treffe avgjerd i saker som er delegert. Arbeidsutvalet er sett saman av to menn og ei kvinne..

Namn	Rolle
Gisle Kårbø Rong	Leiar
Anne Grete Hareide	Nestleiar
Arvid Nese	Medlem

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval med overordna ansvar for personalpolitiske saker. Utvalet er høyringsinstans for fellesrådet i saker av personalpolitisk karakter, og har delegert avgjerdsmynde i saker i medhald av reglement. Administrasjonsutvalet har mellom anna tilsettingsmynde i alle stillingar utanom leiarstillingar. Administrasjonsutvalet er sett saman av 3 kvinner og 2 menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Utpeika av
Anne Grete Hareide	Leiar	Torill Selsvold Nyborg	Fellesrådet
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar	Kirsten Kjølén	Fellesrådet
Arvid Nese	Medlem	Jan Tommy Fosse	Fellesrådet
Beate Sørhus	Medlem	Torstein Vassnes	Tillitsvald/tilsette
Kari Bekkenes	Medlem	Ellen Ebbesvik	Tillitsvald/tilsette



Nær Gud, nær menneske

Takknemleg, tenande, frimodig



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkielege fellesråd